



SØRE SUNNMØRE: NYTT FINANSIERINGSSYSTEM FOR IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR I EIN RAMMEFINANSIERT SEKTOR

Barnehageansvarlege i dei sju kommunene på Søre Sunnmøre, Herøy, Sande, Ulstein, Hareid, Vanylven, Ørsta og Volda, ynskjer å kome med ein felles uttale om det nye finansieringssystemet for barnehagane. Vi har eit nettverk der vi har faste møter gjennom året, og har ved fleire høve diskutert utmålinga av det kommunale tilskotet til dei ikkje-kommunale barnehagane.

No ser vi fram til at det nye finansieringssystemet skal gi oss eit enklare system, men så langt, etter å ha lest høyringsdokumentet, er vi skeptiske til det.

Fleire av oss har hatt mang ein ”stri tårn” med dei gamle reknearka og ikkje minst, omfattande klagesaker.

Her kjem nokre synspunkt/spørsmål frå oss:

- Vi ynskjer at alle barnehagar(inkl. dei kommunale) skal ha eit forutsigbart og mest mogleg kvalitativt sams tilbod
- Det bør utarbeidast standard satsar for det nye kommunale tilskotet (som erstattar tidlegare statstilskot og kommunalt tilskot) per plass i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar som er sams for heile landet.
- Standard satsar sams for heile landet vil få vekk klagesakene!
- Kommunen sitt ansvar for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vert meir og meir det same gjennom mellom anna felles kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane, gjennom tilsyn og gjennom rettleiing/oppfølging av styrarar/eigarar utan at kommunene får større ressursar til å administrere dette.
- Det må sikrast ein auke i administrasjonsressursen til kommunene dersom det i tillegg kjem ei overgangsperiode på 5 år som krev meir administrering.
- Der er for mange uklare begrep som t.d. kva ligg i basissystemet, og kva er ordinær drift?
- Korleis skal vi definere kapitalkostnadene?
- To ulike satsar per plass, ein for drift og ein for kapital verkar i høgste grad ikkje forenklande!
- Det vert lagt opp til omfattande kontroll av og innhenting av opplysningar om korleis dei-ikkje kommunale barnehagane driv verksemda og fører sitt rekneskap. Kontroll som få i kommunen verken har tid eller kompetanse til å sjekke opp, iallfall ikkje dei barnehagefaglege i administrasjonen som til no har streva med det gamle systemet.

- Slik vi les høyringsdokumentet har vi lita tru på at vi vil få eit mindre komplisert system enn vi har i dag dersom kommunene skal sitte kvar for seg å utmåle tilskotet til dei ikkje-kommunale barnehagane, og at det fortsatt skal vere høve til å klage på tildelinga. Stor grad av valfridom for kommunene, vil igjen føre til fleire klagesaker. Vi fryktar faktisk fleire klagesaker i dei komande åra enn før.

Med helsing

Laila Solhaug- Herøy kommune
Elin Rokstad- Sande kommune
Solveig Ertresvåg- Hareid kommune
Beate Brandal- Ulstein kommune
Brit Iren Kvamme- Vanylven kommune
Borgny O.Knarvik- Ørsta kommune
Reidun Klepp Nilsen- Volda kommune